


# DET NORSKE TEATRET







*Restaurant*

# FRASCATI

*med det Franske Rôtisserie  
Le Rendez-Vous de Gourmets*

*Vis-à-vis  
Nationaltheatret*

2. ERVÍN 8.VI 1893-26.XI 1942. JIŘÍ 1918-6.IX 1943. JOSEF  
VII 1942. RŮŽENA 16.XI 1893-16.XI 1944. OTTO II.VII 1922  
10-18.XII 1943. JIŘÍ 22.XI 1911. JOSEF 16.VIII 1908-3.XI 194  
ANA 17.VIII 1872-15.XI 1942. ARNOŠTKA 3.VI 1880-6.IX 1943.  
VALTR 29.II 1894-14.VII 1942. FELTENSTEIN JINDŘICH 22  
22.IX 1942. JANA 15.VIII 1874-3.VIII 1942. EMMA 14.VI 1891. JOS  
1913. TOMÁŠ 4.IV 1934. ALENA 9.VIII 1938. HANA 9.VIII 193  
IE 23.II 1890. HANA 23.II 1890-15.IV 1942. HANA 11.11.1860  
1906-28.IX 1944. WALTER 12.II 1902. RICHARD 10.II 190  
909-1.VI 1942. SALOMOUN 25.XII 1869-15.XI 1942. VOJTE  
23.III 1873-9.VIII 1942. FIALLA ROBERT 21.IX 1907-21.XI  
CHTEN HERŠ 4.IX 1878. ESTER 5.VII 1881. ABRAM 10.V  
TA 17.IX 1873-19.XI 1942. IDA 21.IX 1917-8.XI 1942. MELITA  
2. HANUŠ 5.XI 1925. LUISA 8.II 1895-8.IX 1942. JAROSLA  
1942. ELSA 20.IV 1883. KAREL 18.IX 1905-4.VIII 1942. HA  
1942. FINKELGRÜN MARTIN 5.VI 1876-10.XII 1942. FIN  
IA 12.VII 1884-15.II 1942. FIRD ADOLF 6.IX 1873-19.XI 1942.  
29.IX 1869-15.XII 1943. ALOISIE 27.XI 1871-6.VI 1943. HERI  
8.XII 1943. MAX 14.VI 1893. HELENA 21.VII 1893. HANUŠ 21  
VI 1890-14.VII 1942. BERTA 15.II 1891-18.XII 1943. EMILIE 21  
VII 1907-18.XII 1943. ADOLF 6.VII 1929-28.XI 1944. ALEXAN  
22.XI 1942. ARNOŠT 1898-15.VI 1944. ARNOŠT 21.XI 1890. H  
125.XII 1800-16.XI 1941. BEDŘICH 10.IX 1899-18.VII 1942. BEI  
5-15.XII 1943. EDUARD 21.VI 1867-29.IX 1943. PAVLA 8.XI  
1942. EMIL 2.VIII 1900. MARTA 3.II 1908. LUDVÍK 9.II 193  
1898. PAVLA 18.IX 1927. VĚRA 8.II 1931-22.XI 1942. FRA  
3.VI 1894-29.IX 1944. HERBERT 20.IX 1915-20.II 1943. HEI  
GNÁČ 15.XII 1887-8.XI 1942. IGNÁČ 7.XIII 1913-1.XI 1944. ISI  
116.II 1907. MARTA 25.VI 1911-30.IV 1942. JIŘÍ 10.IV 1904-6.I  
11899-6.IX 1943. JOSEF 30.IX 1898. ELSA 15.IX 1898-16.X  
ARTUR 9.II 1918-16.XI 1941. KAREL 4.XII 1892. MARTA 19.II  
43. TOMÁŠ 24.VII 1941-28.XI 1944. KAREL 1913-18.XIII 1943. K  
VIII 1884-26.II 1941. NORBERT 25.III 1912. MILADA 22.XI 191  
5-3.XI 1941. OTO 2.II 1899. ADÉLA 15.VII 1894-3.XII 1941. OT  
43. RICHARD 8.XII 1888. TLIV 1943. ELSA 22.VII 1896. INC  
1903. ALICE 23.XI 1925. FRANTIŠEK 13.XI 1920-15.II 194  
1860-10.XI 1942. STĚPÁN 16.II 1894-16.V

# „O Hans stad“

(«Der Stellvertreter»)

Eit kristent sørgjespel i 9 bilete

av

ROLF HOCHHUTH

Til norsk ved IVAR ESKELAND

Norsk sceneversjon ved Knut M. Hansson

Regi: KNUT M. HANSSON

Regiass.: ROLF SAND

Dekor: ARNE VALENTIN

Musikk: FINN LUDT

Inspisient: KRZYSZTOF SELIGA

Program-omslag: OLAF THRAP-MEYER

SESONGEN 1965/66

Billettar får De òg kjøpt i Narvesens Kiosker



**Walter Jacobsen a.s.**  
MODELLKONFEKSJON

Ø. Slottsgt. 27. Tlf. 331368  
Forretningen med det gode utvalg  
i kåper, kjoler og drakter.

## Tjue år etter.

Når vi står andlet til andlet til andlet med Auschwitz, blir alle våre ord meiningslause, berre tom klang, – vår innlevingsevne makteslaus, vår fatteevne sprengt. Den sum av menneskeleg lidning og av menneskeleg fornedring som rommest i dette namnet, skal for all tid prege vårt liv og våre barns og våre barnebarns liv. I eldskinet frå krematorieovnane er verda blitt annleis, mørkare, kaldare; for Auschwitz er ein kreftbyll som berre veks og veks ettersom åra skaper avstand, – og vi kjenner inga botevon. På ein ny og uhyggeleg måte har Bibelens ord om fedranes misgjerningar slått ned og blitt ein realitet i våre «opplyste» og «frigjorte» samfunn.

Det var Adolf Hitler og hans regime som bygde Auschwitz og gjennomførte folkemordet, men resten av Europa let det skje, let deportasjonstoga rulle i år etter år. Også blant Hitlers fiendar hadde antisemittismen djupe og seige røter.

Ingen kunstnar kan skildre Auschwitz. Det er kameralinsa som har gjeve oss sterkast inntrykk av kva ho var, denne dødens folkevandring gjennom alle Europas land, på endelause jernbanskiner mot eit og same mål.

Ingen dramatikar kan gjenskapa dette dramaet på scenen. Men stoffet *må* likevel fram, og vi har i den seinare tid fått skodespel som prøver å ta det opp: Arthur Miller i «Det hendte i Vichy», Rolf Hochhuth i «Der Stellvertreter». I haust har to nye kome til: Heinar Kipphardt med «Joel Brand» og Peter Weiss med «Die Ermittlung». Det er ein dramatik som meir byggjer på autentiske utsegner, på referat og dagbøker, enn på sjølvstendig skapande fantasi. Dette er i det heile eit særdrag ved den nye dramatikken som tar krigen opp på scenen.

Hochhuth leitar etter skuld og gjev sine eigne uniformerte landsmenn hovudskulda. Men også mot Pave Pius XII rettar han eit frenetisk åtak og skuldar pavestolen for passivt å ha godtatt folkemordet som historisk nødvendig.

Etter urpremièren på Freie Volksbühne i Berlin, braut det laus ein lidenskapeleg pressede-batt som engasjerte heile Europa,


og skodespelet fekk frå scene etter scene engasjere publikum i eit for eller imot. Som kanskje ingen annan moderne dramatikar har Hochhuth fått vår larmande samtid til å *høyre*, fordi han talar til oss ut frå eit brennande engasjement, slik Gerstein talar til pavestolens representant i Berlin. *Der* ligg styrken i «Der Stellvertreter». Det er ikkje eit fullbore drama med djuptgåande menneskeskildring, – det er eit rop, eit oppgjær og eit varsku.

*Arvid Skarstedt*

#### AUSCHWITZ – BIRKENAU

*Gjennom denne porten gjekk deportasjonstog frå heile Europa i årevis. Alle toga var overfylte med menneske, og alle var tomme når dei gjekk tilbake . . .*





*Ruef W. Smith*



# Rolf Hochhuth

vart fødd 1. april 1931 i Eschwege nær Kassel.

Familien hans er protestantisk. Han var lenge knytt til Bertelmanns forlag i Gütersloh som redaktør. «I Hans stad» («Der Stellvertreter») hadde sin urpremière 20. feb. 1963 på Theater am Kurfürstendamm (Die freie Volksbühne) i Berlin med Erwin Piscator som regissør. Framføringa sette i gang ein krass debatt om dramaet i den tyske pressa.

Stykket har til no vore spela i 22 land, over heile verda, i sanning eit særstykke for eit debutarbeid.

Hochhuth har fått den amerikanske Frederic G. Melcher Book Award for «I Hans stad» («Der Stellvertreter»). Prisen blir delt ut kvart år av The Unitarian Universalist Association for det vektigaste tilskot til fremjing av religiøs toleranse.

Hochhuth arbeider no med eit nytt drama – og verda ventar i spaning på neste verk frå dette unge tyske diktartalentet.



1933 1/4: «Jødeboikott» – det første offentlege antijødiske tiltaket under den nye regjeringa.

1935 15/9: Dei antisemittiske «Nürnberg-lovene» blir sette i kraft.

1938 9/11: «Krystallnatta» – synagoger, butikkar og bustader som tilhøyrer jødiske borgarar, blir øydelagde.

12/11: Over 26 000 jødiske menn blir arresterte.

1939 18/5: «Der Stürmer» krev at jødane i Sovjetunionen skal myrdest.

12/10: Dei første jødedeportasjonane.

1941 Massemord på jødar i dei okkuperte områda i aust. Deportasjonar og arrestasjonar i dei okkuperte landa Frankrike og Nederland.

31/7: Heydrich von Göring får i oppdrag å evakuere alle europeiske jødar.

19/9: «Jødestjerna» blir teken i bruk.

14/10: Dei første deportasjonane av jødar frå det eigenlege Tyskland.

1942 20/1: Wannsee-konferanse om utrydding av dei europeiske jødane.

Mars: Dei første jødetransportane kjem til Auschwitz.

Juni: Masse-drapa med gass tek til.

Over 5½ millionar jødar frå mest alle land i Europa vart offer for den nasjonalsosialistiske jødeforfølginga.



## KNUT M. HANSSON

Det er ikkje fyrste gongen Det Norske Teatret har den gleda å ha Knut M. Hansson som instruktør. I sesongen 1959/60 sette han i scene «Winslow-guten» av Terence Rattigan. Han har sett i scene ei lang rekkje skodespel både i Bergen og Oslo, for Radio-teatret og Fjernsynsteatret, vi kan berre nemne «Invitt til døden», «Vintersolhverv», «Gengangere», «Elektra», «Smeltedigelen», «Alle mine sønner» og «Kreutzersonaten».

Vi hugsar òg skodespelaren Knut M. Hansson frå ei lang rekkje ulike roller som Jim i «Flyvende sommer», Faren i «Arvingen», Nr. 8 i «Tolv edsvorne menn», Peer i «Peer Gynt», Ketil i «Oppbrudd» og Victor i «Frydenberg».

Men det er ikkje berre hans lange røynsle som teatermann Det Norske Teatret dreg nytte av ved dette høvet. Knut M. Hansson har sjølv levd nær det stoffet vi møter i Rolf Hochhuths skodespel. Han var kurér i Mil.org. under siste krig og vart arrestert så tidleg som i september 1941. Han sat fengsla til krigen slutta, den lengste tida i Sachsenhausen.

## „I Hans stad”

Utan tvil er «I Hans stad» eit åtak på pave Pius XII – og på visse Vatikan-krinsar.

Stykket er og eit åtak på Hitlers Tyskland, på dei som gjorde hans styre mogeleg: på industriherrane, på dei som forvalta stor-kapitalen, på offiserane, akademikarane, lækjarane, vitenskapsmennene; på alle dei små som berre dilta med og skreik «Heil!» så lenge det gjekk godt og dei kunne kjenne seg store i glansen frå Tysklands posisjon og sigrar. Kva det kosta, kva som vart sviike, det var det berre eit lite, eit sørgjeleg lite mindretal som kjende sut for.

Men Hochhuths drama siktar lenger enn som så. Det er ansvaret til mennesket han tek for seg. Ikkje berre ansvaret til paven, til tyskarane, men vårt sams ansvar. Det ansvar ættled etter ættled sviktar, trass i beiske røynsler, trass i skolering, trass i bodet om miskunn i kristendomen, trass i lengten etter fred og relativ tryggleik i den einskilde, trass i naud og daude –.

Vi vil ikkje lære av røynsle.

Hochhuth er så logande, så beiskt engasjert av hendingane i siste storkrigen, vårt menneskelege høgdepunkt i råskap til no, at ein lett kan koma til å tru at han einast tenkjer i trekanten paven-Hitler-jødane.

Det gjer han ikkje. Han har den generelle svikt for auga, den som gjorde katastrofen mogeleg. La gå at den politiske tenking i Vatikanet var galen, ja kynisk. Uskjønleg er ikkje denne tenkinga. Vi høyrer alle til eit Europa som i hundreår har late born lære at jødane er «annleis». – Dei samlar pengar, dei har store nasar og har ei misunningsverdige kjønnsdrift. Og dei har drepe Jesus.

Kvar er den prest i våre protestantiske land som spør sin kyrkjelyd, sine konfirmantar, kva *vi* har gjort med Jesus? Vi truvedkjenner oss til han, til hans kjærleiks og miskunns evangelium – men kva har «vi» kristne gjort med det? Halde det? Eller har vi drepe, valdteke og torturert både lekamleg og åndelig i ein grad vi ikkje maktar å fatte?

Er det ikkje vi som er svikarane mot Kristi bod?

Bis Sonnabend früh  
**10 Uhr**

hat das Judentum Bedenkzeit!  
Dann beginnt der Kampf!

Die Juden aller Welt  
wollen Deutschland vernichten!

Deutsches Volk!

Wehr Dich!

Kauf nicht beim Juden!

Men det talar vi lite om. Vi lagar heller karikaturar av jødane og stengjer grensene våre for dei. Er dette eit drygt påstand? – Då skal vi ikkje gløyme at i åra før siste krigen var grensene praktisk tala stengde for jødane i alle dei land som seinare slost for livet mot Hitler. Nokre sær s få heldige fekk innreiseløyve kringom i verda, dei aller fleste vart sende tilbake til Tyskland eller kom i det heile ikkje ut!

Då bødlane sidan slapp laus for alvor, fann dei hjelparar i alle land, glade medarbeidarar som energisk og oppfinnsamt baud dei si hjelp med å fange, stundom også drepa, jødane.

Hochhuth gløymer ikkje det heller. Vår allmennmenneskelege svikt gjorde seg gjeldande på mange område. Hochhuth vurderer regjeringane, diplomatane, prestane og alle vanlege menneske, medan han heile tida har augo vende mot den staden utbrotet – eller samanbrotet om ein vill – kom: Hitlers nazi-regime konsentrert i K.Z. Auschwitz.

Mot slutten av dramaet samlar han sine klagemål i desse orda som Doktoren, Djevelen, seier til Pateren i Auschwitz:

– Men Kyrkja, som i hundretals år  
har drive med mord på annleis tenkjande  
her i vesterlanda,  
skal vera vaktaren over *moralen*  
i vår verdsdel. *Absurd!*

– I ettermiddag, når familiane som kom i dag  
går i gasskamra,  
går eg til mellom låra på ei jente på nitten.  
Slik er Hitlers ariske kultur.

Knut M. Hansson.

## Eit barn skriv dagbok.

21. mars 1940. Tidleg om morgonen gjekk eg gjennom landsbyen der vi bur. På lang avstand såg eg ei kunngjering på butikkveggen; eg gjekk snøgt bort og ville lesa. Den nye kunngjeringa var at jødar ikkje måtte reise med bil meir (med tog hadde det alt vore forbode lenge).

4. april 1940. I dag stod eg opp før, for eg ville gå til Kielce. Da er hadde ete frukost, gjekk eg ut. Eg syntest det var trist å gå slik aleine over markene. Det tok fire timar å koma til Kielce. Da eg kom inn hos onkel, såg eg at alle der sat sturne, og eg fekk høyre at jødane måtte flytte ut or somme gater, og eg vart sorgfull.

5. april 1940. Heile natta låg eg og fekk ikkje sova, underlege tankar fór gjennom hovudet mitt. Etter frukost gjekk eg heimover.

9. juni 1940. I dag var det tyske militærøvingar. Alle dei militære hadde spreidd seg over markene, dei sette opp maskingevær og skaut på kvarandre.

5. august 1940. I går kom det bod om at alle jødar og huslydane deira skulle gå og bli innregistrerte. Vi møtte opp klokka 7 om morgonen. Vi var der nokre timar. For dei eldste valde eit jøde-råd. Så gjekk vi heim.

12. august 1940. Under heile krigen lærer eg berre heime. Eg blir på gråten når eg kjem i hug den tida da eg gjekk på skole. Men no må eg sitje her, får ikkje gå ut nokon stad. Og når eg tenkjer på all den krigen som er i verda, kor mange menneske som blir drepne kvar dag av kuler, gass, bomber, farsotter og andre menneskefiendar, da har eg ikkje lyst til nokon ting meir.

1. september 1940. I dag er det eitt år sidan krigen tok til. Eg tenkjer på alt det vi har opplevd på denne korte tida, kor mykje vondt vi alt har lide...

8. januar 1942. I ettermiddag hørde eg at to jødar i Bodzentyń har falle som offer att. Den eine døydde straks, den andre vart skadd. Den skadde har dei arrestert og teke med til Bieliney, der vil dei slå han i hel.

Framhald side 27.



LYTT TIL

## *Norsk folkemusikk*

innspilt på grammofonplater av våre beste spelemenn på forskjellige instrumenter, — samt folketoner i levende tradisjon framført av kjente bygdesangere.

Utgitt på



grammofon-  
plater

I samarbeid med Norsk Rikskringkasting.

Til salgs hos musikkhandlerne.

## **NOREGS MÅLLAG**

**vil ha bedre vilkår for nynorsk mål.**

Meld deg inn!

Hugs målgåva!

Hjelp oss i arbeidet for språkleg rettferd.

**MÅLSAK ER KULTURSAK**

Adr.: Boks 911, Oslo 1. Postgirokonto: 14 230.



Vår parole var: Lev og døy med sømd! I ghettoar og leirar la vi vinn på å følgje denne parolen...  
Tross i den verste terror, den hardaste svolt og den yste naud gjennomførte vi det, like inn i  
martyrdøden til det polske jødefolket.

Melding frå den jødiske motstandsørsla.



## Ordren om „sluttløysing“

Riksmarskalken i Det stortyske riket  
Leiar for fireårsplanen  
Formann i Ministerrådet for riksforsvaret

Berlin, 31. juli 1941.

Sjefen for Tryggingspolitiet og SD  
– Gruppefører Heydrich – Berlin

I tillegg til den oppgåva De alt har fått i påbod frå 24. januar 1939, å arbeide for løysing av jødespørsmålet på best mogleg måte i samsvar med dei aktuelle tilhøva, i form av utvandring eller evakuering, gjev eg Dykk hermed i oppdrag å gjera alle turvande førebuingar, organisatorisk, sakleg og materielt, til ei fullstendig løysing av jødespørsmålet i heile den delen av Europa som står under tysk autoritet.


Andre sentral-instansar skal delta i dette når deira kompetanseområde blir drege inn.

Eg gjev Dykk dessutan i oppdrag å leggje fram for meg snarast mogleg ein fullstendig plan over organisatoriske, saklege og materielle førebuingstiltak for gjennomføringa av den ønskjelege sluttløysinga på jødespørsmålet.

Göring.

Frå Lublin og etter kvart frå heile Generalguvernementet blir jødane no sende austover. Her blir det fare fram på ein nokså barbarisk måte som ikkje skal skildrast nærmare, og av jødane blir det ikkje mykje att. Stort sett kan ein vel slå fast at 60 prosent av dei må likviderast, medan berre 40 prosent kan setjast i arbeid. Den tidlegare Gauleiter i Wien (Globocnik) som er leiar for denne aksjonen, gjennomfører tiltaket med bra omtanke, og han fer fram på ein slik måte at det ikkje vekkjer altfor mykje oppsikt... Dei ghettoane som no blir ledige i byane i Generalguvernementet, skal fyllast med jødar som blir sende ut or Riket, og om ei viss tid skal så same prosessen gå for seg på ny.

Dagboknotat av Josef Goebbels, 27. mars 1942.



Vi reiste i stengde vogner, tettpakka og halvkvelte. Alle tok avskil med kvarandre, for vi visste at omnane og gasskammera venta oss der. Vi tala ofte om det, men ingen kunne retteleg tenkje seg korleis det skulle bli. Da vi kom fram til Auschwitz om kvelden, vart vi førte til Birkenau. På lang avstand såg vi himmelen raud som av ein brann. Vi kunne ikkje førestelle oss at menneske skulle brenne såleis, enda vi alt hadde opplevd mangt. Frå skorsteinane kom det ingen røyk, berre eit eldregn. Folk spurde vaktpostane kva det var som brann der, og dei svara at det måtte da bakast brød. Dag og natt. Men vi visste at det kunne det ikkje vera.

*Giza Landau.*



*Den siste reisa.*

«Jødefolket blir utrydda», seier alle partikameratar, «det er klart, det står i programmet vårt, få jødane unna, rydde dei ut, det skal vi gjera.» ... Ingen av dei som talar slik, har sett på, ingen av dei har gått gjennom det. Dei fleste av dykk veit kva det vil seia å vera med, når det ligg 100 lik i hop, når det ligg 500 der, eller 1000. Å ha vore med på dette og likevel – bortsett frå unnatak som kjem av menneskeleg veikskap – halde oss anstendige, det har gjort oss harde. Dette er eit heiderskapittel som aldri er skrive og aldri vil bli skrive i historia vår.

*Heinrich Himmler.*

# „O Hans stad“

(«Der Stellvertreter»)

Eit kristent sørgjospel i 9 bilete av

ROLF HOCHHUTH

Til norsk ved IVAR ESKELAND

Norsk sceneversjon ved Knut M. Hansson

Regi: KNUT M. HANSSON

Regiassistent: ROLF SAND

Dekor: ARNE VALENTIN

Musikk: FINN LUDT

Kostyma er laga på Systova til Det Norske Teatret

ved RANDI SKAHJEM og lånt frå Kgl. Dramatiska

Teatern, Stockholm

Inspisient: KRZYSZTOF SELIGA

Scenegong: I Akt, 1. scene: Nuntiaturet i Berlin.

2. scene: Jegerkjellaren.

3. scene: Hos Gerstein.

II Akt, 1. scene: Casa Fontana.

2. scene: Heimsøkinga.

3. scene: Gestapohovudkvarteret i Roma.

III Akt, 1. scene: Il gran rifiuto.

2. scene: Deporteringa. (Musikk)

3. scene: Auschwitz.

15 min. pause etter 3. bilete

Bokutgåva: Rowohlt-Verlag.

Dei som er med:

Den apostoliske nuntien i Berlin	}	<i>Øyvind Øyen</i>
Ein tenar hos grev Fontana . . . . .		
Luccani senior, ein katolsk jøde . . . . .		
Pater Riccardo Fontana, SJ. . . . .		<i>Svein Erik Brodal</i>
Ein pater ved Nuntiaturet . . . . .	}	<i>Kåre Wicklund</i>
Ein skrivar hos Paven . . . . .		
Ein jødisk KZ-fange . . . . .		
Kurt Gerstein, SS-Obersturmführer . . . . .		<i>Pål Skjønberg</i>
Professor Hirt, Riksuniversitetet i Strasbourg . . . . .	}	<i>Bjarne Andersen</i>
Ein Kardinal . . . . .		
Adolf Eichmann, Obersturmbannführer . . . . .	}	<i>Per Theodor Haugen</i>
Ein fabrikkeigar, fange hos Gestapo . . . . .		
Pater General . . . . .		
Doktor Fritsche, Sturmbannführer	}	<i>Finn Kvalem</i>
Doktor Lothar Luccani . . . . .		
Løytnant von Rutta . . . . .		<i>Leif Skarra</i>
Witzel, SS-Feldwebel . . . . .		<i>Tom Tellefsen</i>
Helga . . . . .	}	<i>Lise Fjeldstad</i>
Carlotta . . . . .		

Doktor Littke, overlækjar i hæren «Slusken» frå fascistpolitiet . . . .	} Einar Venes
Vakthavande sveitsar i Pavepalasset . . . . .	
Baron von Rutta, Rikssambandet for rustningsindustrien . . . . .	} Per Gjersøe
Pave Pius XII . . . . .	
Doktoren . . . . .	Knut M. Hansson
Jacobson . . . . .	} Odd Furoy
Den «korrekte» frå fascistpolitiet	
Grev Fontana, syndikus ved den Heilage stolen . . . . .	} Harald Heide Steen
Herr Müller-Saale, Kruppwerke Essen . . . . .	
Salzer, sjef for det tyske politiet i Roma . . . . .	} Jack Fjeldstad
Ein offiser ved Sveitsargarden ..	
SS-soldat i Auschwitz . . . . .	
Julia Luccani . . . . .	Ingebjørg Sem
Fru Simonetta . . . . .	Aasta Voss
Barn . . . . .	— — —
Ein fotograf . . . . .	— — —
Forteljaren . . . . .	Ola B. Johannessen

## Merknader til rollelista

*Hans eksellense Cesare Orsenigo, apostolisk nuntius,*  
gjekk i sitt 69. år i 1942. Ettetida har ikkje gjeve noka forklaring på korleis denne geistlege mannen, som budde i Berlin i heile Hitler-tida, kunne ha samvit til å vera med på konkordatet – da jamvel dei *katolske* jødane vart deporterte. Men det ser ut til at kvar den som i lengre tid ber ansvar under ein autokrat – anten det no er ein Hitler eller ein Pius XII – misser dømmekrafta, fordi han blir redusert til å vera ein som berre tek imot ordrar.

### *Riccardo Fontana*

liknar noko på Berlin-domprosten Bernhard Lichtenberg, som vart sett i fengsel fordi han bad offentleg for jødane, og som i retten bar fram ynske om å få dela lagnad med jødane austpå. Dette ynsket fekk han oppfylt. Lichtenberg vart likevel ikkje send til ein ghetto austpå, men til Dachau. Han døydde på vegen dit, i 1943, truleg ein naturleg død.

### *Adolf Eichmann*

var ein venleg, fargelaus pedant. Trass i dei forferdelege gjerningane vart han ikkje eingong etterlyst i 1945.

### *Professor August Hirt*

vart aldri funnen. Han vart visst heller ikkje etterlyst. I dag driv han sikkert si lækjargjering under eit anna namn.

### *Doktoren*

er karakteristisk nok aldri funnen – truleg takka vere det suggestive hjartelaget han synte, t.d. når han stod utanfor gasskammeret og lova barna «fin-fin pudding» (historisk dokumentert), eller når han kom på jarnbaneperrongen og spurde reisetrøyte folk om dei kjende seg sjuke. Dei som sa ja, glade ved møtet med denne elskverdige og medynksame mannen, vart straks sende inn i gasskammeret. Når han ville, låg det ein lett, grasios atmosfære omkring han, ein velgjerande kontrast til all den brutale styggedomen. Han var ein meister i sitt fag.



*Kurt Gerstein,*

SS-Obersturmbannführeren som fekk namnet sitt på den minnesteinen jødane i Paris reiste over ofra for fascismen, hadde kanskje – som den engelske historikaren Gerald Reitlinger seier – den mest merkverdige oppgåva av alle i den andre verdskrigen.

Diplomingeniør 1931 ved det tekniske universitetet i Berlin, Charlottenburg. Aktiv medlem i den evangeliske ungdomsrørsla. Forfølgd av Gestapo frå juni 1933 på grunn av kristeleg virke mot det nazistiske regimet. I september 1936 arrestert første gongen, for å ha delt ut nazifiendslege blad. Same året studert medisin i Tübingen ved det tyske instituttet for lækjarvitenskap. I juli 1938 arrestert på ny og sett inn i konsentrasjonslæger på grunn av statsfiendsleg (religiøs) aktivitet.

Da han hadde sona straffa, greidde han å koma inn i SS i 1941, og fordi han hadde utdanning som ingeniør og medisinar, fekk han i oppdrag å ordne med desinfeksjonen i fange- og konsentrasjonslæger. Gerstein fekk m. a. stogga ein tyfusepidemi, og sidan vart han rekna for eit teknisk geni i det tredje riket. Han vart derfor sett til sjef for eksperimenta med blåsyre (Syklon B) til bruk i KZ-lægra (verka snøggare enn den eksosgassen dei brukte før 1942).

Om Gerstein skriv pastor Martin Niemöller den 26. april 1948 m. a.:

«Eg har kjent Gerstein i mange år frå arbeidet i bibelkrinsen og i den konfesjonelle kyrkja. Eg held han for å vera heilt igjennom rein og rettlina, og eg trur derfor slett ikkje at han nokon gong kan ha falle for freistinga til å vera med på nasjonal-socialismen, langt mindre dei brotsverka som der vart gjorde. Eg er overtydd om at han vart offer for konsekvensen av handlingane sine og av det motstandsprinsippet han heldt fast på til det ytste.»


Etter frigjeringa av Frankrike i 1944 vart Gerstein arrestert av dei allierte, og han overlet sine skriftlege notat til dei. Gerstein sjølv vart sporlaust borte, og vi veit ikkje meir om lagnaden hans.

## Frå Hochhuths etterskrift til «I Hans stad».

Riccardo Fontanas innsats til hjelp for dei forfølgde og offergangen hans for kyrkja er fri omdikting av Berlin-domprosten Bernhard Lichtenbergs gjerning og vilje. Han bad offentleg for jødane, vart dømd til fengselstraff og vende seg til Hitlers handlingarar med ynske om å få same lagnad som jødane i aust. Lichtenberg – som elles gruvla på kva paven ville seia om denne saka – fekk ynskemålet sitt oppfylt. Men han vart ikke ført til nokon ghetto i Polen. Dei sende han til Dachau, og på vegen dit døydde han – truleg ein naturleg død – i 1943. Bødlane visste at mange sette denne prestemannen svært høgt; hans støv vart utlevert, og nokre tusen berlinarar fekk vera til stades ved jordferda.

Rolf Hochhuths skodespel er tileigna minnet om Lichtenberg og den polske pateren Maximilian Kolbe, som døydde i hungerbunkeren i Auschwitz i august 1941. Ein av Kolbes medfangar hadde rømt frå lægeret, trass i at dette ville bli straffa med at ti andre fangar vart dømde til å svelte i hel. Ti mann vart utvalde på slump frå «blokken» til han som rømde. Ein av dei var fangen F. Gajowniczek, som hadde kone og barn. Han tok til å gråte – og Kolbe steig fram og bad om å få gå i døden i hans stad. Kolbe, som var fange nummer 16 670 (Fontana!) fekk gå i hungerbunkeren i staden for fange nummer 5 659 (som overlevde krigen).





Kven er skuldige? Dei som gav ordrar til mord, dei som sette ordrane i verk, dei som tente på det, eller dei som tagde til det?

Bødlane viste til ordrar frå høgaste hald, men førarane i Det tredje riket kunne ikkje minnst noko. Somme av dei gjorde sjølvord og drog seg unna retten såleis; resten var eit ynkeleg syn. I årevis hadde dei ikkje late seg skremme av noko brotsverk. No ville ingen vita om det.

Göring, som hadde gitt ordre til «sluttløysinga», nekta at han hadde visst om masseorda. Kaltenbrunner, Heydrichs ettermann i RSHA, la all skulda på den døde Himmler. Ribbentrop, utanriksministeren, stod fram som Hitlers ringe visargut; Keitel, sjefen for Wehrmachts overkommando, hevda at han hadde vorte narra, og Streicher, innpiskaren for den antisemittiske mordhetsen, kalla seg ein skuldlaus forfattar.

*Robert H. Jackson,*  
formann for det amerikanske aktoratet i Nürnberg.

*Framhald frå side 12.*

11. januar 1942. Sidan i dag tidleg har det vore snødrev og hardfrost, det har nådd opp i 20 grader Celsius. Som eg stod og såg på korleis vinden feia over markene, la eg merke til at det vart slått opp ein plakat. Straks gjekk eg og ville sjå kva nytt som var kunngjort. På plakaten stod det ikkje noko nytt, mannen sa berre at han kom med kunngjering om at alle jødane skulle flyttast ut or alle landsbyane. Da eg fortalde dette heime, vart vi alle svært tunge i hugen. No, denne harde vinteren, vil dei føre oss bort, kvar skal vi av? No er det vår tur til å tola harde pinsler. Vårherre veit kor lenge.

Dette skreiv vesle Dawid Rubinowicz, som var fjorten år da han døydde i gasskammeret i Treblinka.



*Bergen-Belsen.*



# Likar De å følgje med?

Få  
syn for segn  
les



*Det største allmenne tidsskriftet i landet*

OPPLAG I DAG: 15 000 — STADIG I FRAMGANG

10 hefte i året på til saman om lag 570 sider. Årspengar kr. 24,00 — for studentar og skoleelevar kr. 18,00 ved tinging direkte til forlaget. Tidsskriftet kan tingast for skoleåret eller kalenderåret. 10 års tinging kr. 200,00.

**det norske samlaget**

Kristian Augusts gate 14 — Oslo 1  
Postgiro 87 02 — bankiro 75/659

*Den kresne kvinne finner alltid  
vei til*

*Pikant*

Damekonfeksjon

Brogt. 3 b. Tlf. 41 23 28

## Frå historia om jødeforfølginga.

I året 70 e. Kr. vart Jerusalem hærsett av Titus, og det andre templet vart øydelagt. Sekstifem år seinare slo romarane ned det opprøret som Bar Kobka – Stjernesonen – stod i brodden for, og sette i gang ein utryddingskrig mot jødane i Palestina. Desse to hendingane var det som førte til *diaspora* – at jødane vart spreidde ut blant all verdsens folk. Sidan har det gått nesten nitten hundre år, nitten hundre år fylte av angst, ulykker, forfølgingar, med nokre meir tolelege periodar innimellom.

Dei kristne måtte li under harde forfølgingar og vart kasta for ville dyr på romerske arenaer, og mange jødar fekk same lagnad i Romarriket. Men da kristendomen vart statsreligiön, vende kyrkjefedrane seg for alvor mot jødane, stempla dei som Kristi mordarar og tok til å innføre unnatakslover mot dei. Jødane skulle få leva og dyrke si tru, slik at dei med sitt tilvære kunne vitne om sanninga i den kristne læra; men «Kristi mordarar» skulle samstundes audmykjast så lenge dei var «forstokka» nok til å halde fast på religionen sin. I mange av folkevandringsrika vart jødane beintfram forfølgde; dei fekk valet mellom dåp og utvandring. Men i Karl den stores rike – og i dei rika som stod fram or det – fekk jødane leva i fred, like til krossferdstida. Krossferdene vart eit vendepunkt. Da krossfararane – dei var ikkje berre bra folk, ikkje berre folk som var drivne av kristen eldhug – drog gjennom Tyskland våren og sommaren 1096 på veg til utskipingshamnene ved Mellomhavet, vart ei rekkje jødiske samfunn herja og plyndra. Det byrja i Reims, og dei blomstrande jødiske samfunna vart heimsøkte m. a. i Mainz, Trier, Köln, Worms, Speyer og Metz. I Mainz kravde massakrane 1100 offer på ein einaste dag. Under den tredje krossferda var det jødane i England som fekk støyten.

Keisaren og fyrstane prøvde somtid å verne jødane av di dei var nyttige i staten – til det ikkje var bruk for dei lenger. Da var tida inne til å vise dei bort. Fleire pavar freista å halde att mot forfølgingane. Men massane var lette å øse opp med allslags løgnpropaganda. Folk trudde at jødane røva hostiar og mishandla dei til det flaut blod av oblatane, eller slakta kristne barn og saug blodet deira eller blanda det i påskebrødet; denne skuldinga førte seinare til pogromar (jødeforfølgingar) i Russland, særleg

## **S. BRUUN**

Nils Juelsgt. 27

Telefon 440384

*Lamper — Skjermer — TV  
Elektriske apparater m. m.*

**for DEM som  
foretrekker  
furumøbler ...**

**\*Peise Stua\***

**J. ERIKSEN A/S FILIAL**

Bernt Ankers gate 17 (hj. Møllergt.) — Tlf. 41 64 22

GODE PARKERINGSFORHOLD

**LIVSTRYGDING — PENSJONSTRYGDING**

**GJENSIDIGE**

*Eldste livstrygdelaget i Noreg*

Hovudkontor: Karl Johans gt. 16, Oslo. Telefon 421830



ved påsketider. For berre eit par månader sidan kunne vi lesa i avisene at ei slik ritualmord-skulding frå mellomalderen var teken opp til ny gransking. Eit barn vart funne myrda i ein liten italiensk by, jødane fekk skulda, og mange av dei vart torturerte og avretta. No har det endeleg kome fram at skuldinga var urett. Guten hadde vorte vigd til helgen, og no – i 1965 – vart han avkanonisert – same året som det romersk-katolske kyrkjekonsilet annullerte erklæringa om at jødane kollektivt var skuldige i Kristi død.

Midt på 1300-talet nådde jødeforfølgjingane eit nytt høgdepunkt. Det var under svartedauden. Da fekk jødane skulda for pesten; dei hadde forgifta brunnane.

Muhammedanismen i Arabia på 700-talet baud død eller flukt for jødane der. Men i det arabiske Spania levde arabarar og jødar fredeleg saman og skapte ei stordomstid i filosofi, diktning, vitenskap og kunst på den iberiske halvøya på 1000- og 1100-talet. I den kristne delen av landet stod òg jødane høgt på 1200- og 1300-talet, så lenge arabarane var ein maktfaktor på halvøya. Vendepunktet kom i 1391, da erkebispnen i Sevilla – trass i pavens forbod – lyste krig mot jødane under hærropet «død eller dåp». Av dei 30 000 jødane i Sevilla vart 4 000 drepne, og mange vart tvangs døypte eller selde som trælmar. Toppen vart nådd under Isabella av Castilla og Ferdinand av Aragon. I 1492 vart jødane drivne ut or Spania og fire år seinare or Portugal, der 100 000 spanske jødar hadde søkt livd. Dette var prisen som kong Manuel av Portugal måtte betale for at Isabella av Spania skulle ta han til ekte. Alle barn mellom 4 og 20 år vart tekne frå foreldra og døypte. Mange jødar tok sjølve barna sine av dage og gjorde deretter sjølv mord, andre vart kalla trælmar og tvangs døypte.

I mellomtida hadde inkvisisjonen gått til aksjon mot jødane. I Spania gjekk det ikkje minst ut over *marranane*, dvs. døypte jødar og deira etterkomarar. Mange av dei dyrka si gamle tru i løynd. Kven som helst risikerte å hamne i inkvisisjonens fengsel, hadde dei berre ein droppe «jødisk blod» i årane, jamvel førande folk ved hoffet, i kyrkja og i statstenesta. Det var nok om dei var barnebarns barn til ein døypt jøde. Hitler var visseleg ikkje den første som tala om halv-, kvart- og åttandedels jødar. Kjettarbåla loga overalt. Ofra vart torturerte og tvinga til å tilstå

# OSLO FYLKESLAG

i Noregs Ungdomslag

Heim for landsungdom

Lagskontor. Ynskjer du opplysningar om bygdelaga i Oslo,  
ring Sosialkontor for landsungdom telefon 20 38 20 og  
20 38 03. Kaffistova og heimebuarane telefon 20 07 04.



## Det lyser opp

i den grå hverdag med pene broderier. De bringer  
naturens farger inn i hjemmet og blir beundret av alle.

*Begynn med brodering, en kongelig hobby*

**RANDI MANGEN & CO.**

**SPESIALFORRETNING I BRODERIER**

Bogstadveien 46 - Telefon 60 50 59

Tegn Deres livsforsikring i

# GLITNE

DET er virkelig livskunst

THAU



**Karvi - et godt navn i 52 land**

det dei var skulda for. I Sevilla vart 300 velvørde menn og kvinner brende på torget i 1481. Berre dei som gjekk til full vedkjenning og synte at dei angra, fekk den nåde å bli kvelte før bålet vart tent. Dei andre vart brende levande.

I dei neste hundreåra – heilt fram til 1930-talet – var det ingen store forfølgingar i Vest-Europa. No tok pogromane til i aust. Polen hadde vorte eit sentrum i den jødiske verda etter at jødane var drivne ut or Spania. Forfølgingane i Polen i 1648 og tiåret som følgde, kravde hundretusen av dødsoffer. (Det er nemnt opptil 675 000.) Så vart jødane sparte for større heim-søkingar, bortsett frå eit stort blodbad i Ukraina i 1768, heilt fram til pogromane i Russland i 1880-åra (i 1882 dessutan i Warszawa). Pogromane i 1903 og 1905 hadde til dels saman-heng med den russisk-japanske krigen og dei politiske konsekvensane av den. I 1917 og 1918 var det veldige massakrar, sær-leg i Ukraina, i sluttstriden mellom «dei kvite» og «dei raude». Det finst snaut nokon jødisk roman med emne frå Aust-Europa som ikkje ber vitnemål om pogromredsla. Under desse pogromane var det folkemassane som sette myrdinga i gang. Ofte var massane førebudde. Dei var oppøste av agitatorar som ikkje veik tilbake for å koma med skuldingar om ritualmord; vi bør leggje merke til at utskeiingane fleire gonger byrja ved påsketider. Det jødiske sjølvvernet vart avværna av politiet, og så fekk pøbelen rasa fritt nokre dagar før regjeringa sende troppar til å stogge oppstyret. Det hende òg at politiet og soldatane slo seg saman med pøbelen. Mest kjende er kanskje pogromane i Kisjinev (i Bessarabia) i 1903: Dei jødiske mennene vart piska, blinda, torturerte og drepne, kvinne vart valdtekte og deretter myrda, barn vart kasta ut or vindauga og slått i hel mot brulegginga medan folkemassane i gatene hånlo.

Det var sanneleg ikkje noko nytt Hitler fann på da han gjorde jødane til syndebukkar for alt som gale var, og forfølgde dei med propaganda, med unnatakslover og til slutt med fysisk ut-rydding. Nazistane hadde nok av førebilete. Men ingen annan hadde tenkt det så djevlesk ut, lagt opp så detaljerte planar, sett dei i verk så kynisk og gjennomført dei i slikt omfang. Og det var ikkje lenger eit spørsmål om religiøs overtyding, som i mel-lomalderen, eller utnytting av pøbelveldet, som i Aust-Europa. Her var det leiarane i landet som sette det heile i gang. *Rasen*

MIDT PÅ KARL JOHAN  
EGERTORVET - OSLO

Reisevaluta ekspederes raskt og greit  
Sikkerhetsbokser utleies for oppbevaring av verdisaker

**BØNDERNES BANK A/S**

## NASJONAL-KAFEÉN

Keysersgt. 1. Telefon 33 21 49

IOGT's populære kafé i Oslo

**God mat - Rimelige priser - Selskaper mottas -  
Lokaler utleies**

## Villa Asora

SELSKAPSLOKALER

IKKE DANS OG ALKOHOL

Brylluper, begravelser og andre anledninger.

*Hjemlig og koselig.*

JOSEFINEGT. 39 — TLF. 69 22 39 — 60 80 74

*HENRIK BØHM'S*

**Paraply- og regntøyforretning**

**Torggt. 23. Tlf. 42 16 87**

(vis à vis Ferdinand Larsen A/S)

*Gamle og nye kunder ønskes velkommen*



*Dette biletet syner korleis jøden Eleazar og nokre andre blir brende levande i byen Sternberg i Mecklenburg. Dei var skulda for å ha krenkt Det heilage sakramentet den 22. oktober 1492. Biletet finst i Hartmann Schedels verdshistorie «Liber chronicarum», trykt i Nürnberg 1493. Det er eit tresnitt av Michel Wohlgemuth eller Wilhelm Pleydenwurff.*

*Framhald frå side 33.*

vart dyrka, og raseteoriane – som tok til å gjera seg gjeldande i 1870-åra – kom fram; det vi i dag kallar antisemittisme, vart skapt. Jødane streva etter verdsherredømet, heitte det no. Nazistane utnytta – som pogromleiarane i Russland – pamflettar og falske skrifter, slikt som «Sions Visers protokollar». Snart representerte jødane verdskommunismen, snart den internasjonale kapitalismen. («Jødemarxistane» og «jødeplutokratiet» vart slagord.) Seks millionar jødar vart offer for bestialiteten til nazistane.

*Skal De ha slipt gulvene? Henvend Dem til*

**B. Bogens Parkettsliperi**

Chr. Michelsensgt. 21 – Telefon 37 60 26

**Førsteklasses arbeide garanteres**

*Spesialforretning i TV - radio*

Vi fører alle anerkjente merker, og vårt store utvalg gjør det lettere å finne apparater som passer

**GOD SERVICE! Rimelig avbetaling inntil 24 måneder**

**NORSK TELEVISJON OG RADIO A/S**

*Youngs gate 11, inng. Torggt., Oslo - Telefon 42 07 37*

Filial: Lambertseter forretningsenter — Tlf. 28 03 12



**LIVSTRYKDELAGET  
ANDVAKE  
MØLLERG. 16. - OSLO 1**

*Godt utvalg i dame- og herreskotøy*

**Valkyrien Skotøymagasin A.s**

Valkyriegt. 3 - Oslo

Telefon 46 34 64

Den dag i dag blir vi minte om ugjerningane deira gjennom avisreferat frå prosessane mot krigsforbrytarar.

Mange har sagt frå om at dei ikkje er antisemittar. (I dag er det visst ikkje heilt comme il faut å seia at ein er overttydd antisemitt.) I staden talar dei om jødespørsmålet. Om det spørsmålet kan ein vel seia at det ofte i langt høgare grad er skapt av dei som stod jødane imøt, enn av jødane sjølve – ut frå den sørgjelege trongen menneske har til å generalisere (same kva nasjon, stand, klasse eller tru dei soknar til). Det er fordomaner som sit fast. Wergeland sa det slik: «Mørkets Vold er steil at storme. Overtro hviler fast paa Søilers Ro.» Og han skreiv om den «sorte Fordomshær». Innlegg under Riksforsamlinga på Eidsvoll, i stortingsdebattane i 1840-åra og i avisene den gongen og seinare syner kor sterkt rotfeste slike fordomar kan vera. Halvparten av dei norske jødane vart borte under krigen, men denne folkegruppa opplevde òg i dei tunge åra ein solidaritet og ei hjelpsemd som har vekt oppsikt blant jødar over heile verda. I fleire land såg folket meir likesælt på dei ulykkene som råka jødane, og Hitler rekna kanskje med at det ville bli slik. Men det hende ikkje her i landet. Det er ikkje minst grunn til å nemne stoda til den norske kyrkja, andsynes quislingstyremaktene og i hyrdebrev til kyrkjelydane. I eit skriv til Quisling frå november 1942 heiter det: «Vi ville ved å tie til denne legaliserte urett mot jødene bli ansvarlige for og medskyldige i denne urett. Skal vi være tro mot Guds ord og kirkens bekjennelse, så må vi tale... Dersom den verdslige myndighet blir til redsel for den gode gjerning, det vil si mot dem som ikke forgår seg mot landets loyer, da er det kirkens gudgivne plikt som statens samvittighet å påtale dette... I kraft av dette vårt kall formaner vi derfor den verdslige myndighet og sier i Jesu Kristi navn: Stans jødeforfølgelsen!» Svare styremaktene på dette med dei jødefiendslege Luther-sitata som stod samtidig i ei rekkje aviser fjorten dagar seinare?

Kyrkja tala til fånytted den gongen. Kan vi tru at dei redselsgjerningane som vart gjorde, og som vi no veit om, vil ha den verknad at slike forfølgingar heretter høyrer fortida til? Eller kan vi i det minste vone at dei er utenkjelege i framtida? Enno er det mange som blir forfølgde av minnet om forfølgingane.

Oskar Mendelsohn.

---

## NATIONALTHEATRET

Hovedscenen:

«PRIVATLIV»

av Noel Coward

med Wenche Foss, Ilse Kramm,  
Toril Gording, Henki Kolstad  
og Knut Wigert

Regi: Kirsten Sørлие

Dekorasjoner: Per Schwab

«SAKEN OPPENHEIMER»

av Heinar Kipphardt

Regi: Arne Thomas Olsen

Dekorasjoner: Chr. Stenersen

Première 21. januar

«HUGHIE»

av Eugene O'Neill

med Henki Kolstad

og

«EN-TO-TRE»

av Franz Molnar

med Per Aabel

Regi: Knut Hergel

Dekorasjoner: Per Schwab

Première medio februar

## DEN NORSKE OPERA

«LA TRAVIATA»

Opera av Giuseppe Verdi

Regi: Einar Beyron

Dirigent: Zdenko Peharda

Dekor og kostymer:

Birger Bergling

Ballettaften:

«NØTTEKNEKKEREN»

Eventyrballett av Marius Petipa

Musikk: P. Tsjaikovskij

Koreografi:

Lev Ivanov/Walter Gore

Dekor: Gunnar Alme

Kostymer:

Ivar Ferdinand Karlsen

Dirigent: Arvid Fladmoe

Première 10. januar

«TANNHÄUSER»

Opera av Richard Wagner

Regi: Einar Beyron

Dirigent: Arvid Fladmoe

Dekor og kostymer:

Birger Bergling

«BARBEREN I SEVILLA»

Opera buffa av

Gioacchino Rossini

Regi: Einar Beyron

Dirigent: Arvid Fladmoe

Dekor og kostymer:

Arne Walentin

## OSLO NYE TEATER

«NÅR HODENE FALLER...»

Komedie av Iris Murdoch

og J. B. Priestley

Regi: Johan Fillinger

Dekor: Harald Martin

«HEDDA GABLER»

Skuespill av Henrik Ibsen

Regi: Claes Gill

I titelrollen Mona Hofland

Première i begynnelsen av feb.

## BARNETEATRET

i Folketeaterbygningen:

«PINOCCHIO»

Barnespill av Ingvar Danielsson

etter eventyr av C. Collodi

Regi: Egon Weng

I titelrollen Ulf Wenggaard

---



## Eugenie Støttums Blomsterforretning

Karl Johans gate 8 — Telefon 42 24 22

*Medlem av Norsk Blomstertelegraf*

*Alt i Dekorasjoner, Buketter og Kranser*

## *En trykksak*

som De og Deres forbindelse vil like, får De fra meg.

RAGNAR BRYDE

*Aksidens-, Bok- og Rotasjonstrykkeri*

Kr. Augustsgt. 19. — Telefon 20 20 49

**HAR DE PRØVET** våre snitter og smørbrød ?

**GJØR ET FORSØK!**

RING telefon 38 17 23 fra kl. 8—12.

*Vi leverer også til kantiner.*

**Smørbrød-Centralen**

SVERDRUPSGT. 17 — OSLO

**ER DE INTERESSERT** i engelske antikviteter?

HOS MEG finner De koselige presanger

*i engelsk porselen - plett - kobber - messing m. m.*

**ANTIKKHULEN**

DAAESGT. 12 — TLF. 44 29 23 - kl. 11—15



Lodz.

## På spelplanen:

Neste premie er barnekomedien «Taremareby» av Ingebrigt Davik og Asbjørn Toms (24. januar), og utover i januar-februar-mars arbeider teatret med fire framsyningar: «Et dukkehjem» av Henrik Ibsen (regi Tormod Skagestad, – premie 26. februar) «A scent of flowers» av den unge engelske dramatikaren James Saunders (regi Finn Kvalem), «Blues for Mr. Charlie» av den amerikanske negerdiktaren James Baldwin (regi Pål Skjønberg). For desse to siste er premiedagen enno ikkje fastsett. Vidare musicalen «The King and I» av Rodgers og Hammerstein (regi Rikki Septimus og Finn Kvalem) med premie straks over påske.

10

11

12

13 14 15 16 17 18 19 20 21 22 23 24 25 26 27 28 29 30 31 32 33 34 35 36 37 38 39 40 41 42 43 44 45 46 47 48 49 50 51 52 53 54 55 56 57 58 59 60 61 62 63 64 65 66 67 68 69 70 71 72 73 74 75 76 77 78 79 80 81 82 83 84 85 86 87 88 89 90 91 92 93 94 95 96 97 98 99 100

